

2SA på tur til Ålesund

2SA på tur til Ålesund

2SA Volda vgs og 2SA Ulstein vgs var på teoretisk og praktisk brannvernkurs og besøk på Color Line stadion i Ålesund tysdag 20. november.

Det var veldig kjekt. Vi lærte om korleis vi skal sløkkje ein brann. Kva vi ikkje må gjere og sånne ting. Etter teoriundervisninga fekk vi sløkkje ein brann med pulverapparat. Etter den spanande brannsløkkinga, fekk vi omvisning på 110-sentralen. Der mottok dei alle brannsamtalene i MR fylke. Dei mottok også alle tryggleiksalarmene i fylket, samt viltneemd-samtalar.

På Color Line stadion fekk vi vite litt om data-sikkerheita deira. Og fekk totalomvisning på heile bygget. VIP-avdelinga var spennande å sjå på. Der var mange spanande ting, som var spesialdesigna kun for Color Line. Heile stadion kosta 250 millionar kroner, og dei har ca 10.700 plassar.

Tekst: Kristian B. Moe

Under nokre bilete frå turen. Foto: May-Liss Hagen









2007.12.04 13:29

Nei